



MØTEPROTOKOLL

Utval:	Levekårsutvalet
Møtedato:	11.04.2024
Møtetid:	09:00 - -12:50
Møtestad:	Austrheim samfunnshus, Austrheim samfunnshus, Kafeen

Frammøtte faste medlemmer

Namn	Rolle	Parti	Merknad
Lisbeth Oen	medlem	INP	
Linda Brandtun	medlem	U	
Inger Lise Brekke	medlem	H	
Helge Dyrkolbotn	medlem	U	
Per Lerøy	leder	AP	

Faste medlemmer som ikkje møtte

Namn	Rolle	Parti
Bjarte Næss	MEDL	SP
Renee Hansen Semmingsen	MEDL	SAM

Frammøtte varamedlemmer

Namn	Rolle	Parti	Merknad
Lise Renate Helle	Bjarte Næss	SAM	
Ingeborg Lohne	Renee Hansen	SAM	
Hordvik	Semmingsen		

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Ketil Tjore, møtesekretær, Evy Sætre prosjektleiar Betre tverrfagleg innsats, Anne Hildegunn Færøy, kommunalsjef helse og velferd, Asbjørn Toft, einingsleiar plan, Peter Kubon, kommuneoverlege, Kari Utkilen,, einingsleiar kultur, Åshild Sandvin Olsson, demenskoordinator.

Møteprotokollen vert publisert på kommunen si nettside. Den er mellombels godkjent av utvalsleiar eller ordførar i etterkant av møtet, og vert endeleg godkjent i neste møte.

Ketil Tjore

Møtesekretær

Sakliste

Saksnummer	Sakstittel	Unntak frå innsyn
PS 9/2024	Godkjenning av innkalling og sakliste	
PS 10/2024	Godkjenning av møteprotokoll	
RS 2/2024	Referatsaker	
RS 3/2024	Tildeling - tilskot til fysiske trafikktryggingstiltak 2024 - Fortau og veglys, Førland	
OS 2/2024	Orientering om BTI-prosjektet (Betre tidleg innsats)	
PS 11/2024	Plan for demensomsorg 2024-2032	
OS 3/2024	Folkehelserapport 2024	
PS 12/2024	Oppnemning av medlem til arbeidsgruppe - moglege alternative lokale til Austrheim arbeidssenter	
PS 13/2024	Statusrapport til Levekårsutvalet - innbyggjarundersøking om interesse for bustader	
PS 14/2024	Kulturprisen 2024 - innstilling	

PS 9/2024 Godkjenning av innkalling og sakliste

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Innkalling og sakliste vert godkjent.

Handsaming i Levekårsutvalet - 11.04.2024 av sak 9/2024 Godkjenning av innkalling og sakliste:

Utvalsleiar Per Lerøy refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i møtet:
Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i Levekårsutvalet - 11.04.2024 av sak 9/2024 Godkjenning av innkalling og sakliste:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Innkalling og sakliste vert godkjent.

PS 10/2024 Godkjenning av møteprotokoll

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Møteprotokollen frå 22. februar 2024 vert godkjent

Handsaming i Levekårsutvalet - 11.04.2024 av sak 10/2024 Godkjenning av møteprotokoll:

Utvalsleiar Per Lerøy refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i møtet:
Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i Levekårsutvalet - 11.04.2024 av sak 10/2024 Godkjenning av møteprotokoll:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Møteprotokollen frå 22. februar 2024 vert godkjent

RS 2/2024 Referatsaker

Handsaming i Levekårsutvalet - 11.04.2024 av sak 2/2024 Referatsaker:

Einingsleiar Asbjørn Toft orienterte om tildelinga frå Vestland fylkeskommune (1 million kroner) til fortau og veglys langs fylkesveg 5502.

Toft peika på at dette med fortau og gangveg er viktig for folkehelsa, og det vert jobba med realisering av fleire slike strekk i kommunen. Eit mål må vera å få til ein tursti som den til Vardetangen, også på Austrheim-sida av kommunen.

Utvalsleiar Per Lerøy viste til at Austrheim har sikra seg ein million av i alt åtte millionar av den samla tildelinga for heile Vestland fylkeskommune. Det er eit resultat av godt arbeid i kommunen med trafiksikringsplanen, at ein klarer å sjå VA-utbygging i samband med gangveg og fortau på denne måten, og gode relasjonar til Vestland fylkeskommune.

Utvalsleiar Per Lerøy refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i møtet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i Levekårsutvalet - 11.04.2024 av sak 2/2024 Referatsaker:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Levekårsutvalet tok referatsaka til vitande.

RS 3/2024 Tildeling - tilskot til fysiske trafikktryggingstiltak 2024 - Fortau og veglys, Førland

Handsaming i Levekårsutvalet - 11.04.2024 av sak 3/2024 Tildeling - tilskot til fysiske trafikktryggingstiltak 2024 - Fortau og veglys, Førland:

Handsaming ført under RS 2/2024

Vedtak i Levekårsutvalet - 11.04.2024 av sak 3/2024 Tildeling - tilskot til fysiske trafikktryggingstiltak 2024 - Fortau og veglys, Førland:

OS 2/2024 Orientering om BTI-prosjektet (Betre tidleg innsats)

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Levekårsutvalet tek orienteringa til vitande.

Handsaming i Levekårsutvalet - 11.04.2024 av sak 2/2024 Orientering om BTI-prosjektet (Betre tidleg innsats):

Evy Sætre, prosjektleiar BTI - Betre tverrfagleg innsats, orienterte om prosjektet. Etter at Fedje kommune gjekk ut av prosjektet, er det no Austrheim, Gulen og Masfjorden som er med vidare. Sætre viste denne filmen om BTI (Youtube): BTI Bedre Tverrfaglig Innsats Agder (youtube.com).

Linda Brandtun ba om at det vart lagt særleg vekt på innsats i barnehagane, for å komma inn så tidleg som mogleg.

Utvalet takka for orienteringa.

Utvalsleiar Per Lerøy refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i møtet:
Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i Levekårsutvalet - 11.04.2024 av sak 2/2024 Orientering om BTI-prosjektet (Betre tidleg innsats):

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Levekårsutvalet tek orienteringa til vitande.

PS 11/2024 Plan for demensomsorg 2024-2032

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Levekårsutvalet tar orienteringa til vitande.

Handsaming i Levekårsutvalet - 11.04.2024 av sak 11/2024 Plan for demensomsorg 2024-2032:

Kommunalsjef for helse og velferd, Anne Hildegunn Færøy, orienterte om bakgrunnen for arbeidet.

Det var gjort noko arbeid for ei tid tilbake, dette stoppa opp på grunn av Korona-pandemien, men kom i gang igjen etter at Åshild Sandvin Olsson vart tilsett som demenskoordinator. Færøy sa at det er gjort eit veldig godt arbeid med denne planen.

Demenskoordinator Åshild Sandvin Olsson orienterte om planen for demensomsorg, 2024-2032.

Linda Brandtun viste til det Olsson sa om at det er vanskeleg å stå fram med ein demensdiagnose. Austrheim er eit lite samfunn, der det kan vera vanskeleg å stå fram med ulike ting, anten det er demens eller spesped. Olsson svara at det må jobbast med informasjon, og sa at i samband med pårørandeskulen for demente var det fleire som kom i etterkant og sa at dei skulle ha vore med. Håpar at det kjem fleire der neste gong det er pårørandeskule.

Anne Hildegunn Færøy sa at det er viktig med førebygging. Innsats på demenskoordinator kan gje vinstar andre stader i tenestene. Har gode samarbeid med tenester andre stader, som Haraldsplass diakonale sjukehus og Olaviken, og det er ting på gang med medisinerer.

Inger Lise Brekke spurte korleis dette arbeidet er organisert i andre kommunar, Olsson svara at enkelte andre kommunar har dette organisert i hokommelsesteam, enkelte har eigne prosjektleiarar. I Austrheim har ein no begge deler.

Linda Brandtun spurte om demensplassane på Nordliheimen, om det er tilstrekkeleg med 9 skjerma plassar som i dag. Olsson svara at det er vanskeleg å seia kva som kjem framover, men Austrheim manglar ein del ledd i omsorgstrappa, som forsterka omsorgsbustad og andre løysingar, som til dømes demenslandsbyar.

Ingeborg Hordvik sa at pårørandeskulen er viktig for både å gje kunnskap, og for å anerkjenna den innsatsen som dei pårørande gjer for sine. I det nye helse- og omsorgstunet må ein ta med løysingar som kan gje dei pårørande avlasting i kvardagen.

Kommunalsjef Anne Hildegunn Færøy sa at det er vanskeleg å dimensjonera desse tenestene i ein liten kommune, det er usikkert korleis utviklinga vert. Den siste forskinga viser at dei som får diagnosen lever mykje lenger med god helse, men når det skjer ei forverring så går utviklinga raskt. Det er viktig å tenkja fleksibilitet i det vidare arbeidet med helse- og omsorgstun i Austrheim.

Utvalet takka for orienteringa.

Utvalsleiar Per Lerøy refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i møtet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i Levekårsutvalet - 11.04.2024 av sak 11/2024 Plan for demensomsorg 2024-2032:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Levekårsutvalet tar orienteringa til vitande.

OS 3/2024 Folkehelse rapport 2024

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Levekårsutvalet tek orienteringa til vitande.

Handsaming i Levekårsutvalet - 11.04.2024 av sak 3/2024 Folkehelse rapport 2024:

Kommuneoverlege Peter Kubon orienterte om planen, som låg ved saksinnkallinga.

Inger Lise Brekke spurte kvar tala er henta frå, for mellom anna uføretrygd. Brekke opplyste om at Nav kan tilby oppdaterte tal for mange av dei felte som folkehelseplanen femner om.

Helge Dyrkolbotn sa at det er viktig at dei ti punkta som er viktige må takast med når kommunestyret skal bestemma budsjettet for kommunen vidare. Dyrkolbotn sa at det må satsast på fleire felt, som støtte til frivillige organisasjonar for å stimulera til aktivitet der, fysisk aktivitet mellom anna med gode turstiar som den ved Vardetangen, med meir.

Linda Brandtun spurte kva kommuneoverlegen særleg vil prioritera, Kubon svara at det vert viktig å få alle med og inkludert, det kan vera mange barrierer, anten det er kostnad, transport eller anna.

Inger Lise Brekke spurte om det er mogleg å finna enkeltpunkt i rapporten der ein kan sjå at om det vert gjort noko akkurat der, så vil det gje slik eller slik effekt. Peter Kubon svara at rapporten nok ikkje gjev så detaljerte svar.

Linda Brandtun spurte om kva datagrunnlag som er med, Peter Kubon oppsummerte litt om kva tal som er brukt for utarbeidinga av rapporten. Brandtun spurte om innspel frå idrettslaget, Kubon svara at ein ikkje hadde bedt om innspel frå idrettslaget i denne runden.

Anne Hildegunn Færøy sa at rapporten gjev eit veldig godt grunnlag for arbeidet vidare, og saman med BTI-prosjektet skal dette mellom anna gjera at fleire kjem seg ut i arbeid og deltek i samfunnet.

Helge Dyrkolbotn sa at det er viktig å ta med innspel også frå idrettslag, andre frivillige lag, skulane med meir. Må også ta ei evaluering av dei kommunale tiltaka, får ein det utbyttet ein ønskjer av desse? Må vera klare over at det kan vera einsemd som er stort problem for mange, kanskje ikkje like lett å ta fatt i for kommunestyret som å bygga ein ny gang- og sykkelveg.

Inger Lise Brekke spurte om det er mogleg å finna enkeltpunkt i planen der ein kan peika på at dersom ein gjer noko akkurat der, så kan ein ta få resultat. Peter Kubon svara at planen ikkje er lagt opp til å vera så detaljert.

Per Lerøy oppsummerte at planen er eit steg vidare i den tankegangen kommunen har vore inne på i lengre tid, med gode tiltak.

Utvalsleiar Per Lerøy refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i møtet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i Levekårsutvalet - 11.04.2024 av sak 3/2024 Folkehelse rapport 2024:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Levekårsutvalet tek orienteringa til vitande.

PS 12/2024 Oppnemning av medlem til arbeidsgruppe - moglege alternative lokale til Austrheim arbeidssenter

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Levekårsutvalet oppnemner følgjande representant til arbeidsgruppa: (namn vert lagt fram i møtet)

Handsaming i Levekårsutvalet - 11.04.2024 av sak 12/2024 Oppnemning av medlem til arbeidsgruppe - moglege alternative lokale til Austrheim arbeidssenter:

Anne Hildegunn Færøy orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga. Færøy sa at ho vert med i det første møtet, og at det er ønskje om at gruppa orienterer i juni-møtet i kommunestyret om kva som er status så langt.

Utvalsleiar Per Lerøy sa at dei som går inn i gruppa må vera klar over at det er interessemotsetnader i denne saka, med ulike interesser.

Inger Lise Brekke sa at ho jobbar med vekst-bedriftene i sin jobb i Nav, og kan ta på seg rolla som medlem i denne arbeidsgruppa.

Linda Brandtun sa at det kan vera knapt med tid for henne å delta i denne arbeidsgruppa.

Det vart diskutert litt rundt framdrifta for denne saka, Ingeborg Hordvik sa at det er viktig med framdrift i denne saka for å avklara det for dei tilsette. Per Lerøy sa at det må vera god framdrift, og at gruppa ikkje bør jobba i meir enn 4-5 månader før dei er ferdige.

Linda Brandtun spurte om framdrift for å få på plass ein arbeidsleiar på Arbeidssenteret. Anne Hildegunn Færøy svara at det vert sett på dette i samband med omorganiseringa av organisasjonen, og for å få ei organisering som skal gjera dette til ei 100 prosent stilling.

Helge Dyrkolbotn sa at det er ei komplisert oppgåve denne arbeidsgruppa har fått, med mogleg samlokalisering med andre tenester, Anne Hildegunn Færøy svara at desse punkta med samlokalisering kjem frå det vedtaket kommunestyret gjorde i desember 2023 i samband med budsjettet.

Per Lerøy sa at dette med samlokalisering er eit kan-punkt, det viktige er arbeidssenteret, men samstundes er det viktig at kommunen sikrar seg at eit ev. lokale kan utnyttast 24/7, av fleire ulike tilbod og tenester. Kan til dømes arbeidssenteret driva ei Bua-teneste?

Ingeborg Hordvik viste til at dei brukarane som er på Arbeidssenteret er dei som ikkje kan vera på Aufera. Dei kan vera for svake til å driva ei Bua-teneste, og det vil krevja at dei tilsette gjer dette i staden for det miljøarbeidet dei skal gjera. Dette vart støtta av Inger Lise Brekke, som sa at det er strenge vilkår for å ha ein VTA-plass, og dei som ikkje skal ha VTA-plass skal ha ein kommunal plass.

Utvalsleiar Per Lerøy refererte framlegget til vedtak, om Inger Lise Brekke som representanten frå Levekårsutvalet i arbeidsgruppa.

Handsaming i møtet:

Samrøystes for å velja Inger Lise Brekke som medlem i arbeidsgruppe - moglege alternative lokale til Austrheim arbeidssenter.

Vedtak i Levekårsutvalet - 11.04.2024 av sak 12/2024 Oppnemning av medlem til arbeidsgruppe - moglege alternative lokale til Austrheim arbeidssenter:

Inger Lise Brekke vert valt som representanten frå Levekårsutvalet.

PS 13/2024 Statusrapport til Levekårsutvalet - innbyggjarundersøking om interesse for bustader

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Levekårsutvalet ber kommunestyret om å be kommunedirektøren leggja fram sak om bygging av bustader med livslaupsstandard i samarbeid med private aktørar.

Handsaming i Levekårsutvalet - 11.04.2024 av sak 13/2024 Statusrapport til Levekårsutvalet - innbyggjarundersøking om interesse for bustader:

Sakshandsamar Ketil Tjore orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

- Bakgrunnen for at kommunedirektøren ønskjer samarbeid med private, er at dersom kommunen tek på seg meir gjeld kan det hindra eit utbygging av eit nytt helse- og omsorgstun.

- Ei retting i tala: Det er meldt interesse frå 49 personar. 20 av desse er ektepar/sambuarar, 29 er enkeltpersonar, slik at det er meldt interesse for 39 bustader.

Utvalsleiar Per Lerøy la fram eige framlegg til vedtak, og orienterte om dette.

Kommunalsjef Anne Hildegunn Færøy orienterte om ordninga for MVA-kompensasjon, opp mot erfaringa kring ROP-bustadene som er under bygging. Det vil vera krav om at dei som skal bu i desse skal ha omsorgstenester av eit visst nivå, for å få momskompensasjon.

Helge Dyrkolbotn og Per Lerøy ba om at det vert orientert ut til dei som har meldt interesse, så snart det er gjort vedtak i kommunestyret 2. mai.

Helge Dyrkolbotn ba om at det i dette prosjektet vart sett på om det er mogleg å sjå på ein del av desse bustadene som hyblar for skuleelevar for AVS, då det til linjer som akva, maritime fag og kjøretøy er elevar som treng hyblar. Dette fekk støtte av utvalsleiar Per Lerøy, som sa at Husbanken ikkje legg føringar på kven som skal bu i desse bustadene.

Kommunalsjef Anne Hildegunn Færøy spelte inn at ein slik tanke om hyblar bør vera med i vedtaket, det var semje om dette.

Inger Lise Brekke spurte om korleis bustadene er tenkt bygd, Per Lerøy svara at det er tenkt to- eller firemannsbustader med alt på eitt plan, med inngang utan trapp.

Nytt kulepunkt til vedtaksframlegget:

Avklara om det er mogleg å bygga ein del mindre bu-einingar som kan nyttast som hyblar for elevar ved AVS.

Handsaming i utvalet:

Samrøystes for utvalsleiar Per Lerøy sitt framlegg til vedtak, inkludert nytt kulepunkt om hyblar for AVS-elevar.

Vedtak i Levekårsutvalet - 11.04.2024 av sak 13/2024 Statusrapport til Levekårsutvalet - innbyggjarundersøking om interesse for bustader:

Innbyggjar undersøkinga har vist at det er stor interesse for nye bustadar med livslaupsstandard i Austrheim. I tillegg har kommunen for få utleigebustadar og dei bustadane som er ute på marknaden er ofte for store, noko som har ført til at det er relativt kostbart å leige seg ein bustad i Austrheim.

Lokale entreprenørverksemdar har for tida låg ordretilgang, noko som kan føra til arbeidsløyse i denne bransjen. Dette og det faktum at me manglar bustadar med riktig storleik og standard i kommunen, må føra til at kommunen tek initiativ til å byggja ein serie nye bustadar med livslaupsstandard sentralt i kommunen. Dette vil skapa ein vinn, vinn situasjon for innbyggjarar som er ute etter tryggare og enklare bustadar, unge som vil inn på bustadmarknaden, entreprenørar og bustadbyggjarar og kommunen som skal levera gode og kostnadseffektive tenester til eldre og pleietrengjande.

Kommunedirektøren har lagt følgjande vurderingar til grunn:

Ei utbygging kan organiserast på fleire ulike måtar:

- Kommunen bygger leilegheiter og sel desse
- Kommunen bygger leilegheiter og leiger ut desse
- Kombinasjon av dei over
- Kommunen etablerer eit burettslag som sel/leiger ut leilegheiter
- Kommunen sel byggeland til private som så bygger leilegheiter
- Kommunen inngår eit samarbeid med privat utbyggar om prosjektet

Økonomiske konsekvensar, som må greiast ut nærare:

- Kva som kvalifiserer for tilskot frå Husbanken
- Kva type prosjekt som kvalifiserer for momsrefusjon
- Korleis ei mellomfinansiering skal organiserast

Organisasjonsmessige konsekvensar, som må svarast på:

- Korleis prosjektet skal organiserast (som prosjekt?)
- Kven i administrasjonen som skal delta
- Skal det hentast kompetanse frå andre stader
- Skal prosjektet gjennomførast i regi av AKE

Risiko:

- Korleis sikrar ein seg mot kostnadsoverskridingar frå plan til ferdige leilegheiter
- Kor mange leilegheiter skal det vera sikkert sal/leige på før ein går i gang
- Må gjerast vasstette avklaringar med tanke på tilskot frå Husbanken, og for momsrefusjon

Basert på kommunedirektøren sine vurderingar, ber Levekårsutvalet om at kommunedirektøren snarast greier ut følgjande:

- Korleis ein kan etablera eit eller fleire burettslag der storparten av bueiningane skal eigast av private, men der kommunen står som eigar av nokre bueiningar for utleige i kommunal regi.
- Avklare om AKE kan stå som prosjekteigar og som eigar av dei bueiningane som kommunen skal disponere etter at prosjektet/prosjekta er realisert.
- Avklara kva finansieringsordningar slike prosjekt kan få hjå Husbanken med kommunen som prosjekteigar eller med AKE eller private utbyggjarar som prosjekteigar.
- Avklara kva momsreglar som vil gjelda for slike prosjekt dersom dei går i kommunal regi.
- Avklare om Sætremarka burettslag er villig til å selja sin ubygde tomt til eit eventuelt nytt burettslag i området.
- Avklara om det er mogleg å bygga ein del mindre bu-einingar som kan nyttast som hyblar for elevar ved AVS.
- Innbyggjarundersøkinga viser at det er liten interesse for bustadar med livslaupsstandard på den kommunale tomten i Kalandsfeltet. Sidan det er mangel på bustadar i området og området er ferdig regulert, ber Levekårsutvalet kommunedirektøren vurdere sal av deler av den kommunale tomten i feltet til private utbyggjarar.

PS 14/2024 Kulturprisen 2024 - innstilling

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kulturprisen 2024 vert delt ut på Jubileumskonsert fredag 3. mai i Austrheimhallen.

Saka vert elles lagt fram for levekårsutvalet til drøfting utan framlegg til vedtak.

Handsaming i Levekårsutvalet - 11.04.2024 av sak 14/2024 Kulturprisen 2024 - innstilling:

Einingsleiar kultur Kari Utkilen orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Utkilen la fram dei fem kandidatane som er nominerte, og la til at Levekårsutvalet også kan komma med eigna kandidatar.

Det vart diskutert litt rundt kva som er skiljet mellom kulturinnsats og dugnadsinnsats. Kari Utkilen sa at andre kommunar har skilje mellom ein frivilligpris og ein kulturpris, Austrheim har berre ein felles pris.

Handsaming i utvalet:

Levekårsutvalet var sams i valet av vinnar av kulturprisen.

Prisvinnaren vert kjent i samband med utdelinga, under konserten i Austrheimhallen fredag 3. mai.

Vedtak i Levekårsutvalet - 11.04.2024 av sak 14/2024 Kulturprisen 2024 - innstilling:

Det vart vedteke kven som skal få prisen.

Det vart vedteke kva som skal kjøpast som gåve til prisvinnaren.

Prisen skal delast ut av ordførar eller varaordførar.

